
Fra: Kai Bedringås <kai.bedringas@mrfylke.no>
Sendt: 29. mai 2018 08:30
Til: postmottak SD
Kopi: Magne Arild Vinje; Arild Fuglseth
Emne: Høyringsvar frå Møre og Romsdal fylkeskommune - forslag til offentlig kjøp av regionale flyruter i Sør-Noreg frå 1.april 2020

Hei,

Vennligst se saksframlegg under. Vi ettersender protokoll fra møte i Fylkesutvalet 4.06.2018. Vi vil sette pris på svar på at denne høyringsuttalen er mottatt.

Med helsing
Kai Bedringås
rådgivar miljø
samferdselsavdelinga
Møre og Romsdal fylkeskommune

Tlf. 71 28 04 80/ 930 50 264
kai.bedringas@mrfylke.no
mr fylke.no

Saksframlegg
Fylkesutvalet 04.06.2018

Høyring - forslag til offentlig kjøp av regionale flyruter i Sør-Noreg frå 1. april 2020

Bakgrunn

Ørsta/Volda–Oslo og Ørsta/Volda–Bergen er to regionale flyruter i Noreg. Ruta til Oslo er kommersiell, medan ruta til Bergen får offentlig støtte. Samferdselsdepartementet gir tilskott til regionale flyruter på ei rekke strekningar i Noreg, der marknaden aleine ikkje er stor nok for å sikre eit rutetilbod. Samferdselsdepartementet tar den aktuelle ruta ut av det frie marknaden, krev eit viss teneste («forpliktelser til offentlig tjenesteytelse – FOT») og kjøpar flyrute-tenester etter at konkurransen er gjennomført.

Regelverket er innretta slik at ei støtte skal støtte opp om ei randsone eller ein utviklingsregion, at det er lite trafikk på ruta og at ruta er viktig for den økonomiske utviklinga omkring den regionale flyplassen. Samferdselsdepartementet inviterer til ei høring om den planlagde konkurransen som skal føre til kontraktar med start frå 1. april 2020. Møreforsking Molde AS og Transportøkonomisk institutt (TØI) har greidd ut det komande flyrutekjøpet i Sør-Noreg i ein eigen rapport. Samferdselsdepartementet inviterer fylkeskommunane til å kommentere den endelege rapporten og konsulentens forslag.

Naturgitte forhold og samfunnsmessige utviklingstrekk

Møre og Romsdal er eit distriktsfylke med ein rekkje utfordringar som vil kunne møtast av gode flysamband: Utfordrande topografi med utsette fjelloverganger, fjordar og svært mange ferjesamband.

Møre og Romsdal er eit eksportretta industrifylke med sterk sysselsetting knytt til avanserte marine operasjonar. Søre Sunnmøre er ein del av det som er kalla ei komplett

maritim klynge, som etter kvart og har blitt svært internasjonalt retta, med eit stort kontaktnett utanfor fylket, samt utlandet. Talet på utanlandske eigarinteresser i næringslivet har også auka, som fører til at ein må ha eit godt flyrutetilbod i nærleiken som korresponderer med ruter til utlandet frå Oslo og Bergen.

Innspel frå andre institusjonar

Administrasjonen i Møre og Romsdal fylkeskommune har sendt invitasjonen vidare til kommunane omkring Ørsta/Volda lufthamn Hovden. Volda kommune og Ørsta kommune har gitt innspel til høyringa og foreslår følgjande:

rapport frå Møreforsking og TØI vil vi foreslå følgjande endring for Hovden Lufthamn:

FOT-ruter tilbake for Oslo-rutene.

Utvida FOT-rute til Bergen med ei ekstra direkte rute tur/retur, tilpassa næringslivet.

Oppretting av ei dagleg FOT-rute Hovden –Trondhjem frå Hovden kl. 07.30 med retur kl. 17.30 for tilgang til regionsjukehus, utdanningsinstitusjonar, pasient- og pårørende-reiser og offentleg etatar for region Midt-Norge.»

Om rapporten «Forslag til offentlig kjøp av regionale flyruter i Sør-Noreg»

Møreforsking og TØI foreslår følgjande i rapporten:

«For Ørsta/Volda-Oslo vil 6 daglige flygninger + 3 hver helg gi om lag 145 000 seter med en 39-seters maskin.

Prognosene har dagens kommersielle drift som startpunkt, og de tilsier 88 000 passasjerer i 2024.

Dersom vi ut fra funnene i kapittel 11 forutsetter en vekst på 10 prosent ved «re-FOT», gir det rundt 101 000 passasjerer i 2024.

Tilbudt kapasitet som beskrevet gir et gjennomsnittsbelegg på 70 prosent.

Ørsta/Volda-Bergen vil under samme forutsetninger ha en etterspørsel på 23 000 passasjerer i 2024, under FOT.

Et minimum hensiktsmessig tilbud på virkedager er 2 turer/dag. Med en 39-seters maskin gir dette rundt 40 000 seter og en gjennomsnitts-utnyttelse på 57 prosent.

Skal man i tillegg ha 2 turer i helgen blir utnyttelsesgraden 40 prosent. Vi anbefaler at denne ruten beholdes i FOT-ordningen, selv om trafikkgrunnlaget er relativt lite og Ålesund lufthavn har ruter til Bergen.

Velger man å holde ruten i FOT-ordningen så anbefaler vi et setekrav på 35 000, som gir en kapasitetsutnyttelse på 66 prosent i gjennomsnitt, og 2 t/r daglig på virkedager.

Vårt forslag for Ørsta/Volda er:

-145 000 seter tilbys t/r samlet til Oslo dersom man skulle velge «re-FOT» av ruten

-35 000 seter t/r samlet til Bergen

-Ingen krav til frekvens, flystørrelse eller ruteføring

-Tidskrav som angitt i kapittel 10.1, men med fleksibilitet til å møte gul standard

-Maksimaltakst redusert til sammenlignbart dagens FOT-nivå for Oslo-ruten ved «re-FOT», maksimaltakst som i dag til Bergen

All angitt setekapasitet er oppgitt samlet tur/retur. Kapasitet hver vei er følgelig halvparten.»

Vurdering

Ørsta/Volda–Oslo blei ei kommersiell rute frå 1. april 2016, medan Ørsta/Volda – Bergen er med i FOT.

Både Volda kommune og Ørsta kommune ønsker at Oslo-ruta kjem inn i FOT-ordninga igjen.

Billettprisane på ruta Ørsta/Volda–Oslo er gått opp etter at ruta blei kommersialisert, og trafikken er redusert med om lag 10 prosent for denne ruta. Dei reisande er ikkje tilfreds med billettprisane for Oslo-ruta og Bergens-ruta. Dyrare billettprisar gjer bedriftene mindre konkurransedyktige, og det er uheldig for den regionale utviklinga.

Det er viktig for lokalbedriftene å ha gode kommunikasjonar med dei større byane som Bergen og Oslo, slik at tidsbruken knytt til naudsynnte reiser blir overkommeleg.

Avgangstidspunkt bør vere slik at næringslivet får gjennomført reise og møte(r) i løpet av ein dag.

Fylkesrådmannen er einig i rapporten sin anbefaling om å halde fram med Ørsta/Volda–Bergen i FOT-ordninga.

Rapporten har berekna at trafikken er 12 prosent lågare på Hovden i april 2016 enn eitt år før. Samstundes fikk Ålesund ei trafikkauke på 9 prosent.

Dyrare billettar og lågare trafikk over Hovden ser ut til å vere resultatet av kommersialiseringa, og det er ikkje ei ønskeleg utvikling for dei reisande frå Ørsta/Volda. Dette taler for å ta Oslo-ruta inn i FOT-ordninga igjen.

Forslag til vedtak:

Møre og Romsdal fylkeskommune er tilfreds med at Samferdselsdepartementet utlyser den komande konkurransen om regionale flyruter med start frå 1. april 2020.

Møre og Romsdal fylkeskommune ber Samferdselsdepartementet om å vurdere å ta ruta Ørsta/Volda–Oslo inn i FOT-ordninga igjen.

Møre og Romsdal fylkeskommune ber Samferdselsdepartementet om å vurdere å utvide ruta Ørsta/Volda–Bergen med ein ekstra dagleg tur/retur tilpassa næringslivet.

Møre og Romsdal fylkeskommune ber om at Samferdselsdepartementet vil vurdere å opprette ei dagleg FOT-rute Ørsta/Volda–Trondheim, for tilgang til mellom anna regionsjukehus og utdanningsinstitusjonar.

Ottar Brage Guttelvik
fylkesrådmann

Arild Fuglseth
samferdselssjef